



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2019 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 935 443 881
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: TOFTØY FJORDBRUK AS
Forretningsadresse: Toftøysundvegen 214
5560 NEDSTRAND

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Helge M. Nesse
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 18.06.2020

Grunnlag for avgivelse

År 2019: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2018: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2019

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 20.08.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	10	218 583 403	74 648 711
Andre driftsinntekter		97 108	
Sum inntekter		218 680 511	74 648 711
Kostnader			
Endring i beholdning av varer under tilvirkning og ferdig tilvirkede varer		43 271 000	-51 872 000
Varekostnad	11	80 046 874	76 080 037
Lønnskostnad	1	5 747 268	5 969 147
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	7 006 743	7 961 988
Andre driftskostnader	1, 10	17 549 149	20 687 340
Sum kostnader		153 621 035	58 826 511
Driftsresultat		65 059 477	15 822 200
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		1 827 170	753 638
Sum finansinntekter		1 827 170	753 638
Annen rentekostnad		229 041	630 862
Sum finanskostnader		229 041	630 862
Netto finans		1 598 129	122 776
Ordinært resultat før skattekostnad		66 657 606	15 944 976
Skattekostnad på ordinært resultat	7	14 879 693	2 436 908
Ordinært resultat etter skattekostnad		51 777 913	13 508 068
Årsresultat		51 777 913	13 508 068
Årsresultat etter minoritetsinteresser		51 777 913	13 508 068
Totalresultat		51 777 913	13 508 068



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
Overføringer og disponeringer			
Konsernbidrag		56 160 000	
Avsett til annen egenkapital	8		13 508 068
Overført frå annan egenkapital	8	-4 382 087	
Sum overføringer og disponeringer		51 777 913	13 508 068



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 6	20 000 000	20 000 000
Utsatt skattefordel	7		
Sum immaterielle eiendeler		20 000 000	20 000 000
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	3, 6		
Oppdrettsutstyr	3, 6	41 686 000	45 953 700
Båtar	3, 6	2 447 300	2 719 600
Driftsløysøre, inventar o.l.	3, 6	19 300	20 800
Sum varige driftsmidler		44 152 600	48 694 100
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar		1 000	1 000
Sum finansielle anleggsmidler		1 000	1 000
Sum anleggsmidler		64 153 600	68 695 100
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	2, 6	38 221 000	83 609 000
Fordringer			
Kundefordringar	5, 6	186 338	48 873 007
Andre fordringar	5	4 748 332	3 366 000
Konsernfordringer	5	97 827 185	
Sum fordringar		102 761 855	52 239 007
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskott, kontantar o.l.	1, 5	219 239	234 414
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		219 239	234 414
Sum omløpsmidler		141 202 094	136 082 422



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2019	2018
SUM EIENDELER		205 355 694	204 777 522
BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	8, 9	1 000 000	1 000 000
Annen innskutt egenkapital	8	63 828 107	63 828 107
Sum innskutt egenkapital		64 828 107	64 828 107
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	8	19 581 851	23 963 939
Sum opptjent egenkapital		19 581 851	23 963 939
Sum egenkapital		84 409 958	88 792 045
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsatt skatt	7	10 818 282	11 856 834
Sum avsetninger for forpliktelser		10 818 282	11 856 834
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4, 6	2 379 781	2 898 860
Sum annen langsiktig gjeld		2 379 781	2 898 860
Sum langsiktig gjeld		13 198 063	14 755 694
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	5	30 480 600	32 681 722
Betalbar skatt	7	78 245	
Skuldige offentlige avgifter		352 024	5 413 146
Kortsiktig konserngjeld	5, 6		62 120 092
Anna kortsiktig gjeld	5	76 836 804	1 014 823
Sum kortsiktig gjeld		107 747 673	101 229 782
Sum gjeld		120 945 736	115 985 477
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		205 355 694	204 777 522



Balanse


Beløp i: NOK	Note	2019	2018
---------------------	-------------	-------------	-------------



2019

Å
R
S
R
E
K
N
E
S
K
A
P

Toftøy Fjordbruk AS



Levering slaktefisk lokalitet Langøy
Dronebilde Harald Heien



Alsaker  Fjordbruk



Styret si melding – 2019

Toftøy Fjordbruk AS

Verksemda

Toftøy Fjordbruk AS driv med matfiskoppdrett av laks. Produksjonen av laks skjer på lokalitetar i Tysvær kommune i Rogaland. Hovudadministrasjonen for selskapet ligg i Tysnes kommune.

Resultat og drift for 2019

Toftøy Fjordbruk AS fekk eit resultat før skatt på kr 66,6 millionar. Dette er ein betydeleg auke samanlikna med 2018, noko som skuldast eit høgare slaktekvantum.

Produksjonen har i all hovudsak gått i samsvar med planar. Toftøy Fjordbruk AS har lagt ned mykje arbeid i oppfølging av lakselus. Nivået av lakselus har gjennom heile 2019 lege under gjeldande krav sett av styresmaktene.

Produksjonskapasiteten pr konsesjon blir i dag regulert ut frå ei ordning med maksimal tillatt biomasse (MTB). Med MTB-ordninga har ein framleis potensiale til å auke produksjonen og såleis betre konkurransekrafta.

Ein har i selskapet framleis sterk fokus på effektiv drift og kostnadskontroll.

Vidare drift

Årsrekneskapan er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

Arbeidsmiljø

Personalforhold og arbeidsmiljø er eit prioritert område i selskapet, både i samband med planlegging av investeringar og i den daglege drifta. Det er lagt vekt på å investere i anlegg, flåtar og båtar som lettar og tryggar arbeidet for dei tilsette. Mange av flåtene har eigne bustader med gode fasiliteter.

Sjukefråvær:

Toftøy Fjordbruk AS	2019	2018
Korttidssjukefråvær	1,0 %	3,9 %
Langtidssjukefråvær	0,8 %	0,0 %
Sum sjukefråvær	1,8 %	3,9 %

Det har ikkje vore arbeidsulykker med personskade ved selskapet sine arbeidsplassar dette året.



Styret si melding – 2019

Toftøy Fjordbruk AS

Ytre miljø

Toftøy Fjordbruk AS har i 2019 ikkje forureina det ytre miljø. Drifta er i samsvar med dei løyve som er gitt frå myndigheitene. Selskapet sin aktivitet er direkte knytt til dei naturgjevne forholda i området der ein er lokalisert.

Likestilling og diskriminering

Av selskapet sine 8 fast tilsette er det ingen kvinner. Det er ingen forskjellsbehandling grunna kjønn, t.d. i saker som gjeld tilsetjing, lønn, avansement og rekruttering. Styret er sett saman av 3 medlemmer (menn).

Selskapet har som mål at diskriminering ikkje skal finne stad. Alsaker-konsernet, som selskapet er ei del av, har i dag eit mangfald i arbeidsstokken både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet.

Forskning og utvikling

Selskapet har i 2019 hatt ein stor grad av utviklingsaktivitet, gjennom to fleirårige prosjekt: Fleksibilitet i føringsanlegg og Smittebegrensing matfisk. Desse prosjekta er godkjende som SkatteFUNN-prosjekt.

Finansiell risiko

Marknads- og valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU der hovudvalutaen er euro.

I tillegg er selskapet eksponert mot endringar i rentenivået då all gjeld p.t. har flytande rente.

Kredittrisiko

Historisk har selskapet ikkje hatt tap på fordringar. Selskapet sin strategi har heile tida vore å ha tett oppfølging på alle fordringar, samt å ikkje selje til kundar ein har lite kunnskap om. Likevel har Alsaker-konsernet, som Fjelberg Fjordbruk AS er ein del av, valt å teikne kredittforsikring. Kredittforsikringa gjeld alle kundar, utanom 3-4 store kundar som ein har inngåande kjennskap til.

Likviditetsrisiko

Selskapet sin likviditet er god, og det er ikkje beslutta å innføre tiltak som endrer likviditetsrisikoen. Alle nyinvesteringar vil, så langt råd, bli langsiktig finansierte, anten gjennom nye pantelån eller leasing. Konsernet har som mål at all langsiktig finansiering skal ha lang og regelmessig nedbetalingstid.

Selskapet tek del i Alsaker AS si konsernkontoordning.



Styret si melding – 2019

Toftøy Fjordbruk AS

Forslag til disponering av resultat

Styret meiner at den avlagte rekneskapen gjev eit rettvisande bilete av den økonomiske stillinga for Toftøy Fjordbruk AS, og føreslår at overskotet på kr 51.777.913 blir disponert på følgjande måte:

Toftøy Fjordbruk AS	2019
Avsett til konsernbidrag	56 160 000
Overført frå annan eigenkapital	-4 382 087
Sum disponert	51 777 913

Drift hittil i 2020, samt utsiktene framover

Første del av 2020 har stort sett gått som planlagt for selskapet. Sjøtemperaturen denne vinteren har vore litt høgare enn normalt for årstida, likevel omtrent som i fjor. Dette har resultert i litt høgare føring og tilvekst enn det som er normalt for årstida.

Covid-19

Covid-19 viruset har i starten av 2020 spreidd seg globalt, og 11. mars 2020 karakteriserte Verdens helseorganisasjon utbrotet som ein global pandemi. Viruset har påverka globale verdikjeder gjennom at offentlege myndigheiter har innført strenge tiltak.

Toftøy Fjordbruk AS er ein del av sjømatnæringa, som også er betydeleg påverka, mellom anna når det gjeld endring i etterspurnad etter laks. I tillegg har det vore store utfordringar i samband med distribusjon, særleg knytt til flyfrakt. Likevel må folk framleis ha mat, og selskapet har i all hovudsak fått slakta det slaktevolumet som har vore planlagt – men då til betydeleg lågare prisar enn det ein hadde grunn til å rekna med.

Virus-pandemien har auka risikoen både når det gjeld valuta, kreditt og vareflyt. Men Toftøy Fjordbruk AS har ein svært solid balanse, og styret er trygg på at selskapet vil komme gjennom denne globale krisa, om enn med eit lågare inntenningsnivå enn kva som ville vore tilfellet utan krisa.

Styret vil takka dei tilsette for den gode arbeidsinnsatsen gjennom året, og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Onarheim, 18. juni 2020

Gerhard Meidell Alsaker
(styreleiar)

Helge M. Nesse
(styremedlem)

Hans Helge Vik
(styremedlem, dagleg leiar)






Resultatregneskap			
Toftøy Fjordbruk AS			
	Note	2019	2018
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salgsinntekt	10	218 583 403	74 648 711
Andre driftsinntekter		97 108	0
Sum driftsinntekter		218 680 511	74 648 711
Beholdningsendring		43 271 000	-51 872 000
Varekostnad	11	80 046 874	76 080 037
Lønnskostnad	1	5 747 268	5 969 147
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	7 006 743	7 961 988
Andre driftskostnader	1, 10	17 549 149	20 687 340
Sum driftskostnader		153 621 035	58 826 511
Driftsresultat		<u>65 059 477</u>	<u>15 822 200</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		1 827 170	753 638
Annan rentekostnad		229 041	630 862
Resultat av finansposter		1 598 129	122 776
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>66 657 606</u>	<u>15 944 976</u>
Skattekostnad på ordinært resultat	7	14 879 693	2 436 908
Ordinært resultat		<u>51 777 913</u>	<u>13 508 068</u>
Årsoverskot (Årsunderskot)		<u>51 777 913</u>	<u>13 508 068</u>
OVERFØRINGAR			
Avsett konsernbidrag		56 160 000	0
Avsett til annan egenkapital	8	0	13 508 068
Overført frå annan egenkapital	8	-4 382 087	0
Sum overføringar		<u>51 777 913</u>	<u>13 508 068</u>



Balanse			
Toftøy Fjordbruk AS			
EIGEDELAR	Note	2019	2018
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle egedelar:			
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 6	20 000 000	20 000 000
Sum immaterielle egedelar		20 000 000	20 000 000
Varige driftsmidler:			
Oppdrettsutstyr	3, 6	41 686 000	45 953 700
Båtar	3, 6	2 447 300	2 719 600
Driftsløysøre, inventar o.l.	3, 6	19 300	20 800
Sum varige driftsmidler		44 152 600	48 694 100
Finansielle driftsmidler:			
Investeringar i aksjar og andelar		1 000	1 000
Sum finansielle anleggsmidler		1 000	1 000
Sum anleggsmidler		<u>64 153 600</u>	<u>68 695 100</u>
OMLØPSMIDLER			
Varer	2, 6	38 221 000	83 609 000
Fordringar:			
Kundefordringar	5, 6	186 338	48 873 007
Andre fordringar	5	4 748 332	3 366 000
Innskot konsernkonto-ordning	5	97 827 185	0
Sum fordringar		<u>102 761 855</u>	<u>52 239 007</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	1, 5	219 239	234 414
Sum omløpsmidler		<u>141 202 094</u>	<u>136 082 422</u>
Sum egedelar		<u>205 355 694</u>	<u>204 777 522</u>
Toftøy Fjordbruk AS			Side 2



Balanse			
Toftøy Fjordbruk AS			
EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital:			
Aksjekapital	8, 9	1 000 000	1 000 000
Innskoten annan egenkapital	8	63 828 107	63 828 107
Sum innskoten egenkapital		64 828 107	64 828 107
Opptent egenkapital:			
Annan egenkapital	8	19 581 851	23 963 939
Sum opptjent egenkapital		19 581 851	23 963 939
Sum egenkapital		<u>84 409 958</u>	<u>88 792 045</u>
GJELD			
Avsetning for forpliktingar:			
Utsett skatt	7	10 818 282	11 856 834
Anna langsiktig gjeld:			
Gjeld til kredittinstitusjonar	4, 6	2 379 781	2 898 860
Sum anna langsiktig gjeld		2 379 781	2 898 860
Kortsiktig gjeld:			
Gjeld konsernkonto-ordning	5, 6	0	62 120 092
Leverandørgjeld	5	30 480 600	32 681 722
Betalbar skatt	7	78 245	0
Skuldige offentlege avgifter		352 024	5 413 146
Anna kortsiktig gjeld	5	76 836 804	1 014 823
Sum kortsiktig gjeld		<u>107 747 673</u>	<u>101 229 782</u>
Sum gjeld		<u>120 945 736</u>	<u>115 985 477</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>205 355 694</u>	<u>204 777 522</u>
Onarheim, 18.06.2020 Styret i Toftøy Fjordbruk AS			
 _____ Gerhard Meidell Alsaker (styreleiar)	 _____ Hans Helge Wik (styremedlem, dagleg leiar)	 _____ Helge M. Nesse (styremedlem)	
Toftøy Fjordbruk AS		Side 3	



Kontantstrømoppstilling			
Toftøy Fjordbruk AS			
	Note	2019	2018
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:			
		66 657 606	15 944 976
-	Resultat før skattekostnad	0	-10 902
-	Betalt skatt i perioden	7 006 743	7 961 988
+	Ordinære avskrivninger	45 388 000	-55 263 000
+/-	Endring i varelager	48 686 669	-50 895 053
+/-	Endring i kundefordringer	-2 201 122	-15 896 898
+/-	Endring i leverandørgjeld	-2 621 472	6 973 283
+/-	Endring i andre tidsavgrensningsposter	<u>162 916 424</u>	<u>-91 185 605</u>
=	Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:			
-	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-2 465 243	-5 936 088
=	Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	<u>-2 465 243</u>	<u>-5 936 088</u>
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:			
-	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-519 079	-511 731
+/-	Netto endring i kassakreditt/konsernkonto-ordning	-159 947 277	189 623 506
-	Utbetalinger av konsernbidrag	0	-92 000 000
=	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	<u>-160 466 356</u>	<u>97 111 775</u>
=	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	-15 175	-9 918
+	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 01.01.	234 414	244 333
=	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 31.12.	<u>219 239</u>	<u>234 414</u>



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskaper er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar, og reglane som følgjer av god rekneskapskikk for øvrige foretak.

Driftsinntekter og -kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i samme periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedeler er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

Leasing

Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med det reelle innhaldet i den enkelte avtale. Dersom hovuddelen av den økonomiske risiko og kontroll knytta til leigeobjektet er gått over på leigetakar, vert avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmidlar i leigeavtalar vurdert som finansiell leasing, blir aktivert i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrive som varige driftsmidlar. Avdragsdelen av leigeforpliktinga blir vist som langsiktig gjeld. Denne gjelda blir redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

Konsesjonar og goodwill

Konsesjonar i balansen representerer erverva konsesjonar gjennom oppkjøp. I Norge er det ingen tidsbegrensingar på konsesjonar. Ordinære avskrivningar på konsesjonar blir såleis ikkje gjennomført.

Goodwill representerer meirverdiar i samband med oppkjøp av verksemd utover verdien av konsesjon. Ut frå ein vurdering av levetid for goodwill, som mellom anna representerer verdien på selskapet sine lokalitetar, samt synergievinstar og stordriftsfordelar i konsernet, blir goodwill avskrive over maksimalt 10 år.

Aksjar og andelar

Andre aksjar som er oppført i rekneskaper er bokført til kostpris. I dei tilfelle der verkeleg verdi er lågare enn kostpris og dette ikkje er forbigåande, er det gjort nedskrivning.

Varebeholdning

Beholdning av fisk i sjø er vurdert til den lågaste av full tilverknadskost og forventa salgspris. Innkjøpte råvarer er vurdert til innkjøpspris. Til grunn for full tilverknadskost vert nytta gjennomsnittleg tilverknadskostnad for alle selskap i konsernet.

Fordringar

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Skattekostnad og utsett skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskapsen er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapskikk.

Kontantstraumanalyse

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i NOK. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovudprodukt. Langt over 90 % av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden er EU, der hovudvalutaen er euro.

Morselskap

Morselskap til Toftøy Fjordbruk AS er Alsaker Fjordbruk AS på Onarheim i Tysnes kommune. Toftøy Fjordbruk AS sin rekneskap er å finne på Alsaker Fjordbruk AS sitt hovudkontor på Onarheim.

Note 1 - Lønnskostnad, antall tilsette, godtgjersle, lån til tilsette mm

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

Lønnskostnader	2019	2018
Lønningar	4 624 204	4 787 402
Arbeidsgjevaravgift	765 604	852 681
Pensjonskostnader	116 473	115 864
Andre ytingar	240 987	213 200
Sum lønnskostnader	5 747 268	5 969 147

Gjennomsnittleg antall årsverk: 8,0 9,9

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	0	0
Pensjonsutgifter	0	0
Andre ytingar	0	0
Sum	0	0

Det er ikkje ytt lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen avtale om bonus, overskotsdeling, opsjoner m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forpliktingar knytta til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller salg av aksjar eller grunnfondsbevis.



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Obligatorisk tenestepensjon (OTP):

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjon etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Ein har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette, som oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

Tekst	2019	2018
Lovpålagt revisjon	30 500	27 000
Andre attestasjonstenester	10 000	10 000
Sum	40 500	37 000

Bundne skattetrekkmidlar:

Tekst	2019	2018
Skattetrekkkonto pr 31.12.	218 417	233 593
Sum	218 417	233 593

Note 2 - Varer

Tekst	2019	2018
Råvarer	2 292 000	4 409 000
Varer under tilverknad	35 929 000	79 200 000
Ferdigvarer	0	0
Sum	38 221 000	83 609 000



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Note 3 - Spesifikasjon av anleggsmidler

Immaterielle eiendelar:

Tekst	Konsesjonar	Goodwill	SUM
Anskaffelsekost 01.01	20 000 000	10 000 000	30 000 000
+ Tilgong i året	0	0	0
- Avgong i året	0	0	0
= Anskaffelsekost 31.12	20 000 000	10 000 000	30 000 000
- Samla av- og nedskrivning	0	10 000 000	10 000 000
Bokført verdi 31.12.	20 000 000	0	20 000 000
Ordinære av- og nedskrivningar i år			0
Økonomisk levetid		10 år	
Avskrivingsplan		Lineær	

Varige driftsmidler:

Tekst	Oppdretts- utstyr	Båtar	Driftsløysere, inventar o.l.	SUM
Anskaffelsekost 01.01	100 808 061	6 469 292	125 263	107 402 617
+ Tilgong i året	2 465 243	0		2 465 243
- Avgong i året		0	0	0
= Anskaffelsekost 31.12	103 273 305	6 469 292	125 263	109 867 860
- Samla av- og nedskrivning	61 587 305	4 021 992	105 963	65 715 260
Bokført verdi 31.12.	41 686 000	2 447 300	19 300	44 152 600
Ordinære av- og nedskrivningar i år	6 732 943	272 300	1 500	7 006 743
Økonomisk levetid	3-25 år	5-15 år	10	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 4 – Forfallsstruktur langsiktig gjeld

	2020	2021	2022	2023	2024	Etter 2024	Sum
Gjeld til kredittinstitusjonar	530 000	550 000	570 000	590 000	139 781		2 379 781
Øvrig langsiktig gjeld	0					0	0
Sum	530 000	550 000	570 000	590 000	139 781	0	2 379 781



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Note 5 – Mellomverande med selskap i samme konsern m.v.

Fordringar på selskap i samme konsern:

	2019	2018
Kundefordringar	196 133	8 324 071
Innskot konsernkonto-ordning	97 827 185	0
Andre fordringar	0	0
Sum	98 023 317	8 324 071

Gjeld til selskap i samme konsern:

	2019	2018
Øvrig langsiktig gjeld	0	0
Gjeld konsernkonto-ordning	0	62 120 092
Leverandørgjeld	19 577 814	11 182 050
Anna kortsiktig gjeld	72 000 000	0
Sum	91 577 814	73 302 142

Note 6 - Pantestillingar

Bokført gjeld som er sikra med pant:

	2019	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	2 379 781	2 898 860
Øvrig langsiktig gjeld	0	0
Gjeld konsernkonto-ordning	0	0
Sum	2 379 781	2 898 860

Bokført verdi av eigedelar stilt som sikkerhet for pantesikra gjeld:

	2019	2018
Konsesjonar	20 000 000	20 000 000
Varige driftsmidlar	44 152 600	48 694 100
Varer	38 221 000	83 609 000
Kundefordringar	0	8 324 071
Sum	102 373 600	160 627 171

Toftøy Fjordbruk AS deltar som underkontoinehavar i Alsaker AS sin konsernkonto-ordning. Underkontoinehavar kausjonerer som solidarisk selvskyldnerkausjonist for dei forpliktingar som Alsaker AS har til ei kvar tid.



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Note 7 - Skatt

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Spesifikasjon	2019	2018
Betalbar skatt	78 245	0
Skatteeffekt av avgitt konsernbidrag	15 840 000	0
Skatteeffekt av mottatt konsernbidrag	0	0
Endring utsett skatt/skattefordel, gml sats	-1 038 552	2 975 855
Skattekostnad med skattesats 22% (23%)	14 879 693	2 975 855
Endring utsett skatt/skattefordel endra skattesats	0	-538 947
Skattekostnad på ordinært resultat	14 879 693	2 436 908
Effektiv skattesats med skattesats 22% (23%)	22,3 %	18,7
Effektiv skattesats etter endra skattesats	22,3 %	15,3

Grunnlag betalbar skatt:

Spesifikasjon	2019	2018
Ordinært resultat før skatt	66 657 606	15 944 976
Endring i midlertidige forskjellar	43 404 174	-51 621 982
SkatteFUNN 2019 (permanent forskjell)	-511 862	-3 004 343
SkatteFUNN endring tidlegare år (permanent forskjell)	1 500 000	
Andre permanente forskjellar	-10 779	-2 131
Framførbart underskot, endring	-38 683 480	38 683 480
Avgitt konsernbidrag	-72 000 000	
Mottatt konsernbidrag (med skatteeffekt)	0	0
Grunnlag betalbar skatt	355 659	0

Betalbar skatt i balansen:

Spesifikasjon	2019	2018
Betalbar skatt	78 245	0
Sum betalbar skatt i balansen	78 245	0

Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

Spesifikasjon	2019	2018	Endring
Varelager	35 929 000	79 200 000	43 271 000
Varige driftsmidlar	11 782 773	12 058 671	275 897
Gevinst- og tapskonto	110 217	137 772	27 555
Akkumulert framførbart underskot	0	-38 683 480	-38 683 480
Balanseførte leasingavtalar	1 352 019	1 181 740	-170 279
SUM	49 174 009	53 894 703	4 720 693
Skattesats som er nytta:	22 %	22 %	
Utsett skatt	10 818 282	11 856 835	1 038 553



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Note 8 - Eigenkapital

	Aksjekapital	Innskoten annan egenkap.	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.	1 000 000	63 828 107	23 963 939	88 792 045
Frå årets resultat			-4 382 087	-4 382 087
Konsemdrag frå mor				0
Eigenkapital 31.12.	1 000 000	63 828 107	19 581 851	84 409 958

Note 9 – Antall aksjar, eigarstruktur m.m.

Aksjeoversikt:

Aksjeklasse	Antall aksjar	Pålydande	Aksjekapital
	1 000	1 000	1 000 000

Eigarstruktur:

Namn	Antall aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Alsaker Fjordbruk AS	1 000	100,0 %	100,0 %

Styreleiar Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer indirekte 100 % av aksjane i Alsaker Fjordbruk AS.

Note 10 - Transaksjonar med nærstående partar

Salg av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2019	2018
Selskap i Alsaker-konsernet	Arbeidstimar	778 014	1064399
Selskap i Alsaker-konsernet	Utleige utstyr	0	0
Sum salg av varer og tenester		778 014	1 064 399

Selskapet selger deler av sitt volum av laks til Ocean Supreme AS (som er eigd 25% av Alsaker Fjordbruk AS). All handel skjer til gjeldande marknadspris.

Kjøp av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2019	2018
Morselskap	Kjøp av administrative tenester	1 458 407	3 824 096
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av smolt	23 910 771	0
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av pakketenester	11 566 504	4 217 216
Selskap i Alsaker-konsernet	Kjøp av rensefisk	4 441 420	3 427 084
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av arbeidsbåt	11 789 173	6 231 827
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikehaldstenester	262 818	211 726
Sum kjøp av varer og tenester		53 429 093	17 911 949



Noter

Toftøy Fjordbruk AS

Note 11 - FoU-aktivitet

	2019	2018
SkatteFUNN 2019	511 862	3 004 343
SkatteFUNN endring tidlegare år	-1 500 000	
Sum skattefunn	-988 138	3 004 343

Påløpte FoU-kostnader vert fortløpande kostnadsført. Skattefunn blir avsett det året det er innvilga frå Norges Forskningsråd, og blir ført som ein reduksjon av varekostnad.



Til generalforsamlinga i Toftøy Fjordbruk AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Toftøy Fjordbruk AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

*PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap*



Melding frå uavhengig revisor - Toftøy Fjordbruk AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 18. juni 2020
PricewaterhouseCoopers AS



Fredrik Gabrielsen
Statsautorisert revisor